

# **Sluttrapport Munketreppene**

Venelaget Munketreppenes Vener vart stifta 23.10.2013 med det føremål å skaffa midlar, tillatelse og kunnskap om opprusting av Munketreppene på Lofthus som er eit automatisk freda arkeologisk kulturminne.

Hovedmålsetninga var å rusta opp vegen slik at den vart trygg å nytta som kløvveg men framleis framstå som ein ferdsliveg med høg alder. i Oktober 2016 vart arbeidet avslutta og me har oppfyllt hovudmålet.

Dette har me gjort:

- Gamle trepper retta opp og utbetra
- stien er drenert og sikra mot avrenning,
- farlege parti er sikra og utbetra,
- Murar er reparerte,
- Store nedrasa steinar er tatt vekk,
- stien er rydda for vegetasjon,
- Det er laga nye av og påkoplingar mot skogsveg
- i tillegg har idrettslaget har satt opp skilt.

Innverkte partar: Munketreppenes Vener, Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren, Grunneigarar og Geirr Vetti,

## **Økonomi:**

Me har hatt eit totalbudsjett på ca 2 millionar kroner, der den største kostnadsposten er leige av sherpaer, me leigde totalt inn ca 3000 arbeidstimar fordelt på 2015 og 2016. I tillegg kjem mindre utgifter til forprosjekt, transport og vegetasjonsrydding. Me slapp unna helikoptertransport på grunn av god tilgang på stein i området. Verdien på dugnadsarbeidet er satt til 120 000,- fordelt på 400 arbeidstimar.

Me manglar noko midlar for å koma heilt i mål, men satsar på å få tak i desse

vinteren 2016. Av store gjevarar har me Sparebankstiftinga Hardanger 550.000, Riksantikvaren 450.000, Gjensidigestiftinga 490.000,- Reiselivet på Lofthus 107 500,-

### Sluttrekneskap Munketreppene

Kostnad	Sum	Merknad
Husleige	kr 19 000,00	Husleige sherpa
Steinarbeid 2015	kr 217 924,00	498 timar x 430,-
Steinarbeid 2016	kr 1 116 438,00	2422 timar x 460,-
Transport	kr 30 000,00	leige terrengbil
Dugnad	kr 120 000,00	400 t x 300,-
forprosjekt	kr 33 667,00	norconsult
Diverse	kr 33 000,00	diesel, bensin, GPS, dyner, kantslå
Sum eks mva	<b>kr 1 570 029,00</b>	
25% mva	kr 392 507,25	
<b>Sum utgifter</b>	<b>kr 1 962 536,25</b>	


### Finansiering

BARK midlar - fylkeskommunen	kr 300 000,00	Bevaringsprogram for utvalde Ark
Hordaland Fylkeskommune vegetasjonsrydding	kr 40 000,00	
Hordaland fylkeskommune – «vern og vøl»	kr 150 000,00	
Dugnad	kr 120 000,00	Sjå dugnadsliste
Sparebankstiftinga	kr 550 000,00	50'i 2014
GC Riber fondene	kr 25 000,00	
Grunneigarane	kr 20 000,00	
Gjensidigestiftinga	kr 490 000,00	
«Bygdemidlar» PL Ull Handelslag	kr 58 000,00	
Reiselivsverksemder	kr 107 500,00	turistverksemderne på Lofthus
Ålmennytige midlar SPV	kr 50 000,00	
<b>sum finansiering</b>	<b>kr 1 910 500,00</b>	

### Underdekning

**-52036,25** Dette vonar me å hente inn på ny!

## Arbeidet



Opprusta trepper med stadeigen stein



fjerning av nedrasa blokker



vanskeleg "klype" for hest



steinsatte grøfter



Rehabilitering av gamal trapp



## Steinsetjing av våte parti

### Oppsummering

Venelaget er godt nøgde med prosjektet og vil takka alle som har bidratt med midlar og arbeidstimar. Det har vore utfordrande å balansera opprusting av stien opp imot det omfattande vernet som munketreppene har. Det har vore ein lærerik prosess for alle involverte partar. Me vil trekka fram den gode kompetansen som Sherpaene frå Nepal har på steinarbeid og grøfting, det er ei fryd å ha dei i arbeid. Me vil og takka Solveig Lohne Rongved frå Fylkeskommunen for godt samarbeid.

Me bestemte oss tidleg for at det faktum at Munketreppene er verna skulle me vri til ein positiv ting, det greidde me, og i tillegg så bidrog riksantikvaren med midlar til prosjektet.

Vegen til fjells på Lofthus er no rusta for framtida, både for kløvhestar og tobeinte.

No gler me oss til å ta i bruk "nye" Munketreppene.

Lofthus 31.10.2016

styret i

**Munketreppenes Vener**

Johannes Eidnes, Harald Alvavoll, Svein Erik Bakke Fredrik Opdal